

**Om ikkje lenge blir det eit interessant og spennande besøk på skulen.
Då kjem forfattaren Bjørn Sortland dit og han vil opphalda seg her ein heil dag.**

**Dette er eit ledd i leseprosjektet til skulen, som vil halda på fram
til 1. desember, opplyser rektor Vidar Haugland til uskedalen.no
Sortland skulle vore der i morgon, men vart forhindra.**

Sortland er utdanna sosionom, men har vore forfattar på heiltid siden 1998 og har studert ved Skrivekunstakademiet i Bergen. Han vart fødd i Bergen i 1968 men vaks opp i Svortland på Bømlo.

Etter debutboka 'Det er ikkje natta' frå 1992 har han skreve 23 barne- og ungdomsbøker, er oversatt til 18 språk og har fått fleire norske og internasjonale litteraturprisar.

Karakteristisk for han er både den lette, humoristiske stilen og at han tek barns og unges univers og problem på ålvor.

Ikkje minst imponerende er serien om 'Kunstdetektivene' som no inneheld 11 bøker.

Den siste ungdomsroman som heiter 'Ærlighetsminuttet' vart nominert til Tysklands største litteraturpris for ungdomsbøker.

'Stavangermysteriet', den siste boka til Sortland, er krim frå oljebyen.

Gjennom heile forfattarskapet sitt har han arbeidd med kunstformidling på ulikt vis

Av Ola Matti Mathisen